



## Notat

Dato: 06.07.2015  
Arkivsak: 2015/6947-1  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Endring av kringsgrenser mellom kommunar

På møte i Fylkestinget 10. Juni 2015 stilte representanten Benthe Bondhus spørsmål om kringsgrenser mellom kommunar:

*"Endring av kringsgrenser mellom kommunar. (vedtak i ... kommune)  
Foreldre søker barnet sitt bort frå nærskulen (full rett til dette). Kommunen seier ja, men går for ei endring av kringsrensa.*

*Ekstrakostnad til transport er kostnadsrekna til ca. 250.000 i året.*

*Kven er ansvarleg for ekstrakostnaden i eit slikt høve?"*

Hovudregelen i opplæringslova (§ 13-4) er at fylkeskommunen er ansvarlig for å finansiere og organisere skuleskyss for elever i grunnskulen som oppfyller retten til gratis skuleskyss (kap. 7). Føresetnaden er at elevane har eit undervisningstilbod i samsvar med opplæringslova eller privatskolelova. Herunder at dei går på nærskulen eller på den skulen dei soknar til. I opplæringslova § 8-1 er det eit grunnleggjande prinsipp at elevar har rett til å gå på nærskulen. Kommunen kan likevel med forskrift vedta skulekringsgrenser som geografisk avviker som den næraste skulen ut frå andre omsyn, som til dømes søsken på skulen, skulens kapasitet o.s.b.

I ei lovendring som trådde i kraft august 2013 fekk kommunane heimel til å opprette felles skulekrins med ein nabokommune. Det vil seie, at det er gitt høve til sjå vekk frå kommunegrensene ved fastsetting av kringsgrense, slik at elevar kan få skule i ein nabokommune som sin «nærskule». Ein felles skulekrins må bli vedteke ved forskrift i kommunen, og det må gjerast avtale med den aktuelle nabokommunen. I forarbeida til lovendringa er det lagt til grunn at skulekrinsen geografisk skal vere lokalisert nært dei aktuelle elevane, og at den oppfyller nærskuleprinsippet. Dette er mellom anna praksis i dag for Fjæra i Etne kommune som etter avtale mellom kommunane blei tilknytt Skare skule i Odda kommune i 2013.

Rett til skuleskyss

I forarbeida til ovannemnde endring i opplæringslova, framgår det at dersom ein kommune vedtek felles skulekrins med heimel i opplæringslova § 8-1, så vil fylkeskommunen ha ansvaret for å organisere og finansiere skuleskyss. Eleven vil då gå på skulen han soknar til.

Elevar kan elles individuelt søke kommunen om overflytting til ein annan skule utanfor sin krins. Også til skule i ein annan kommune. I slike tilfelle er det kommunen som får ansvaret for å finansiere og organisere skuleskyss. Kommunen vil då måtte ta heile ansvaret og kostnaden for skuleskyssen, sidan skuletilbodet då blir utanfor skulekrinsen som eleven høyrer til.